

1. PROSESSEN

Takk for invitasjonen!

Saka har vore lagt ut på høyring 2 gangar og vi (gnr. 224, bnr. 3) har gjeve 2 innspel. I tillegg har vi skrive ein del e-postar (kommentarar og spørsmål) til NVE. Spørsmåla har vore raskt svara på av Malin Solheim Olsen hos NVE. Tusen takk for det.

Sidan vi no møter noverande sækjar for første gang, vil eg gjerne gi ei oppsummering av det vi tidlegare har skrive til NVE, og som ligg opent for alle å lese. Det går mest på korleis eg som grunneigar opplever sjølve prosessen og ansvaret som sækjar har i ein slik prosess.

Heilt sidan starten med Cloudberry som sækjar av ei utbygging av Selsvatnet til i dag med Norsk Vannkraft som sækjar, vil eg beskrive prosessen som særskild dårleg, og det grensar til simpel framferd.

Innkalling på urimeleg kort varsel i ferie og manglande referat frå møter

Det første som skjedde i denne saka var ei innkalling til eit møte i Bygstad Samfunnshus frå Cloudberry til bruksrettshavarar. Men innkallinga var sendt med berre 7 dagars varsel frå dagsett dato i brev, og kun til nokre av bruksrettshavarar i området. Det ville ikkje vere noko problem å innkalle alle og med lenger frist.

Andre gongen vi har blitt kalla inn til møte skjedde hausten 2025. Norsk Vannkraft kalla oss som hadde fått eigedomssrett i Selsvatnet til eit møte i haustferien med 8 dagars varsel. Eit forsøk på å få endra dette ved å minne dei om at det var haustferie i Vestland, og at fristen var kort, hjalp ikkje. Møtet vart halde og omtrent halvparten av dei aktuelle møtte, og det vart aldri skrive noko referat frå dette møtet. Men det gjekk rykter etterpå om at dei hadde snakka om mulege pengar til grunneigarar. Dette er manglande informasjon og openheit, og vi opplev at dette er gjort bevisst og strategisk frå sækjar si side.

Dette er også dei to einaste møta som sækjarane i saka har kalla inn til.

Døme på bevisst tilbakehalding av informasjon

Den første søknaden frå Cloudberry var sendt NVE 02. juli 2021, før det første møtet i Jordskifteretten den 25. febr. 2022 utan at vi bruksrettshavarar visste noko. Noko tilfeldig, og kanskje ved ei forsnakking i retten, vart det gitt ein del info frå advokaten til Cloudberry/ Selselva Kraft AS som kunne tyde på at ein søknad var sendt. Ein kontakt frå meg til NVE like etterpå bekrefta dette. Hadde vi visst det ville vi engasjert advokat (som jo sækjar hadde på plass). Vi var 7 av 14 grunneigarar som tok oss tid til å møte i Jordskifteretten, og opplevde at vår informasjon om rettar og historikk i området var viktig for Jordskifteretten å få greie på. Vi var innan det første møtet i Jordskifteretten veldig positive til å bistå og hadde på førehand sendt inn ein del informasjon, som etterspurt. Då var det heilt uforståeleg at jordskiftedomaren i slutten av saka definerte den som ein «tvist», med store økonomiske konsekvensar for oss grunneigarar som aldri hadde bede om denne saka, men stilt opp for å gi informasjon om gamle bruksrettar i området. Eg og fleire med meg følte oss direkte lurte av både Cloudberry, Selselva Kraft og einedomaren i jordskifteretten. Spørsmålet er vel også om NVE burde ha varsle oss

om at søknaden var innsendt, eller i alle fall bede søkjar om å gjere det. Hadde vi grunneigarar fått innsyn i søknaden som allereie var sendt NVE i tide, hadde vi sjølv sagt også engasjert advokat i jordskifteretten. I staden opplevde vi ei tydeleg makt- og ressursubalanse mellom profesjonelle aktørar og vi som grunneigarar.

Manglande openheit og transparens

Det har gjennomgåande vore mangel på informasjon til bruksrettshavarar og grunneigarar i heile prosessen. Dette har eg skrive fleire gonger til NVE. Eg har alltid fått raske, klare svar frå NVE om at dette er søkjar sitt ansvar.

Eg refererar gjerne til kva Cloudberry skreiv i referatet frå dette første møtet i Samfunnshuset i 2021 (utheva under):

Fleire frammøtte var kritiske til tidspunkt for møtet og peika på at mange ikkje kunne vere til stades pga kort varsel. Mange var opptekne av at prosessen måtte vere gjennomskinneleg (transparent). Frå Cloudberry orsaka ein at møtet kom brått på mange, men lova openheit og fleire informasjonsmøter gjennom prosessen. Det ble også nevnt at dette møte var svært tidleg i prosessen og lite var avklara.

Vi høyrde aldri noko meir frå Cloudberry, anna enn via advokat i Jordskifteretten, sjå også punktet ovanfor.

Også Norsk Vannkraft synest å halde korta tett til brystet når dei snakkar med nokre, men ikkje alle grunneigarar via telefon hausten 2025 før handsaminga i kommunestyret. Å forhandle med enkeltgrunneigarar kvar for seg, kan skape intern mistillit og konflikt i ei lita bygd. Dette er det motsette av transparens og openheit.

Det fins diverre endå fleire eksempel, og eg har tidlegare skrive om dette i diverse e-postar til NVE.

Konklusjon: ein PROSESS utan balanse

Eg har full tillit til at NVE tek ei rett fagleg avgjerd.

Men dersom NVE går inn for denne utbygginga, og ved det samtidig aksepterar framferda til Cloudberry og Norsk Vannkraft, er det fleire som vil miste tillit til at myndighetene sikrar gode og trygge prosessar. Denne type makt- og ressursubalanse som vi har opplevd og skissert her, med tilbakehalding av informasjon, korte tidsfristar og manglande transparens, opplever vi er ei kynisk og uetisk framferd.

2. VERDIANE I OMRÅDET

Våre to innspel har vore heilt klare på at ei utbygging i Selsvatnet ikkje må godtakast fordi det er eit vesentleg fysisk inngrep i eit unikt høgfjellsområde med mange verdier. Det er mange som har skrive mykje og godt om dette. Motsegna frå Statsforvaltaren omtalar også dette. Mi klare meining er at eit ja til siste omsøkte utbygging, sjølv sagt vil lettare opne for ei større utbygging seinare, venteleg av ein ny eigar.

Storehesten og turområdet ikring, med Selsvatnet tett inntil, har ei unik historie, heilt tilbake til vikingtida og fram til nolevande sunnfjordingar som er prega av ei stoltheit. Eg var med og starta opp det populære motbakkeløpet Storehesten Opp i 2006, og har verkeleg fått kjenne på denne stoltheita frå mange eg har møtt i åra etterpå. Dette har

fortsett til i dag ved etableringa av dagsturhytta Skaraly og den nye UNESCO statusen. Eit eksempel: Denne sommaren fekk vi besøk av ungdomar frå 11 land i Europa som var representantar for europeiske verneområder. Dei var imponerte over desse fjellformasjonane kring Storehesten, historia og den flotte, miljøvenlege tilrettelegginga. Det flottaste området dei har sett seier mange. Slikt gir inntrykk!

Konklusjon: VERDIANE i området.

Området kring Selsvatnet ligg i eit lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt unikt område (Hestane via Selsvatnet til Blegja), sett ut frå natur, kultur og geologi. Det er også nyleg fagleg dokumentert ved UNESCO statusen som er gitt.

Området er relativt lite, og må ikkje på noko vis øydeleggjast ved ei etappevis oppdemming av det største vatnet i området.

11.08.26

Mvh

Helge Kårstad
Gnr. 224, Bnr. 3